



Terje Fløysand
FLØKSAND 76
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/577 - 22/8006

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
31.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 305/7 Fløksand

Tiltak: Søknad om frådelling av landbruksareal
Byggjestad: Gbnr 305/7
Tiltakshavar: Terje Fløysand
Ansvarleg søkjar: Jens Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.01.2022.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om deling krev nabovarsling jf.Pbl §21-3
2. Det må leggjast fram løyve til utvida bruk av avkøyrsla til teig A. Alternativt løyve til ny avkøyrslle. Søknad om utvida bruk av avkøyrslle eller ny avkøyrslle gjer ein på Vegvesenet si heimeside: [Søk om avkjørsel | Statens vegvesen](#)

Det vert gjort merksam på at dersom det vert gjeve løyve til deling som omsøkt vil dette utløysa oppmåling av grensene for teigane som skal frådelast jfr. reglane om merking og måling i matrikkellova §34. Med teigane som skal frådelast meiner ein teigane oppgjeve til å vera på 75 daa og teig på 20 daa. For teig oppgjeve til å vera på 112 daa treng ikkje alle grensene målast og merkast jf. Unntaksregel i matrikkelforskrifta §27 7.ledd.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 07.03.2022 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H N Bjordal
Terje Fløysand

Grønlandsvegen 11
FLØKSAND 76

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG